



Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2988 - 21/63214

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:
22.09.2021

Landbrukssak GBNR 131/6 Fonnes - Austrheim - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak Austrheim Kommune

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Austrheim Kommune Tore Myklebusthaug løyve til bygging av omsøkt veg på 131/6 Fonnes.


Vilkår

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast
- Vegen skal byggast som vist på kart datert 08.06.2021 og lengdeprofilteikning av 13.09.2021 samt stukken trasé.
- Løyver og fullmakter må vera til stades før bygging kan settast i gong
- Ved fylling av overskotsmassar på meir enn 1 meter høgde og på eit større areal enn 1daa må ein søka om løyve etter bakkeplaneringsforskrifta, eventuelt nydyrkingsforskrifta då det ikkje er dyrka mark i dag.
- Avstand til nabogrenser skal vera minimum 4 meter om ikkje anna er avtalt.
- Vedtaket er gyldig til 30.09.2024

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.

Saka gjeld

Tore Myklebusthaug søkar om bygging av ca 160 meter landbruksveg i vegklasse 7 på gbnr 131/6 Fonnes. Vegen skal gje tilkomst til jordbruksareal, fôringsplass til sau, naust og moglegheit for å ta imot overskotsmassar frå nærliggande tomtar. Arealet er i dag i bruk som beite til villsau med tilleggsfôring. Estimert kostnad på vegen er kr 160 000,-.



Oversikt landbruksveg


VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilheitsløsningar. Det skal samtidig leggjast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken.

Ein har ikkje gjort andre funn enn det som gjeld «økologisk arv» som er registrert på delar av området der vegen skal gå. Det er ein gamal strandvoll som blei nivellert på 70-tallet. Området som er registrert som «geologisk arv» dekkar eit større område på Fonnes som er bebygd og har vært vurdert i tidlegare planarbeid.



Landbrukskontoret ved Nils Kaalaas har ved fleire anledningar vært og sett på vegen samt stikke ein trasé som er fagleg vurdert og som tar omsyn til naboar. Traséen er lagt slik den er for å ta vare på jordmassane frå det vesle regulerte byggefeltet i sør, samt vidare til føringsplass og naust.

Slik vegen er stukken kan massane frå tomtane gje areal til slått og beite. Landbrukskontoret vurderer ut frå dette at landbruksinteressene er så store at vegen kan godkjennast som ein landbruksveg ut frå landbruksvegforskrifta sjølv om den og gjer tilkomst til naust/nausttomt.

Areala er i dag registrert som jorddekt fastmark og skrin fastmark og er registrert som LNF-område i kommuneplanen. Med riktig bruk av overskotsmassar kan ein få eit godt jordbruksareal. Ta kontakt med kommunen for rettleiing i den samanhengen.

Saka har vært på høyring hos Fylkeskommunen, Statsforvaltaren og Austrheim kommune v/kultur. Sjå vedlegg frå Fylkeskommunen og Statsforvaltaren

Ein skal ved bygging av landbruksveg halda seg minimum 4 meter frå eigedomsgrenser om ikkje anna er avtalt med naboeigedom, men som eit konfliktdempande tiltaket i denne saka bør ein visa omsyn. Ved grensa til 128/20 bør ein legge vegen så langt som råd frå grensa samtidig som ein får nok høgde til å tippe overskotsmassar. Vidare mot eigedom 128/91 må ein prøva å leggja vegen i landskapet samtidig som ein heldt avstandskrava.

Innkomne merknadar

Det er komen inn ein god del merknadar i saka. Det meste gjeld privatrettslege forhold og anna historikk, informasjon til kommunen om diverse forhold og Austrheim kommune si regulering og oppfølging av området Fonnes. Arealbruken i området, både noverande og framtidig vert styrt av Austrheim kommune sine vedtekne arealplanar og er difor ikkje ei vurdering i denne saka. Dei aktuelle merknadane for saka vert besvart under.

9 april. Ronny Larsen og Elly Myklebust	Etterlyser nabovarsling samt informasjon om området	Søkar blei bedt om å oppdatere søknad samt nabovarsling. Nytt kart og informasjon om nabovarsel kom inn.
11 Juni. Ronny Larsen, Rita Myklebust	Anmodning om å nytte føre var prinsipp med tanke på veg i LNF området og ei mogleg anna næring på området.	Landbrukskontoret kan ikkje synse i kva området kan bli brukt som i framtida og må forholde seg til dagens bruk og kva det vert søkt om. Ved meir enn 50% landbruksinteresser knytt til vegen vert vegen vurdert etter landbruksvegforskrifta.
14.06 Ronny Larsen	Tilbakeviser behov for å bygge veg til sjø.	Vegen skal i hovedsak tjene landbruksinteresser samt foringsplass. Det er lagt til grunn 10% nytta av vegen for tilkomst til naust.
14.06 Øystein Austrheim	Mangelfullt varsel. Korleis skal vegen plasserast? Delar av vegne er allereie bygd og massar ligg heilt i grensa og har kryssa grensa på eigedommen.	Vegen skal byggast som vist i kart. Avstand frå veg til nabogrense skal vera minimum 4 meter om ikkje anna er avtalt. Overtredelse på annan sin grunn er privatrettslege forhold som ikkje kommunen kan handheva.
24.06 Ronny Larsen	Saksopplysning angående nausttomt/naust. Nausttomt eksisterer ikkje.	Landbrukskontoret kan ikkje synse i kva området kan bli brukt som i framtida og må forholde seg til dagens bruk og kva det vert søkt om. Ved meir enn 50% landbruksinteresser

		knytt til vegen vert vegen vurdert etter landbruksvegforskrifta. Austrheim Kommune har bekrefta at 131/6 har naust/nausttomt.
27.08 Ronny Larsen, Elly Myklebust	Informasjon om tilrettelegging av anleggsmaskiner og repetering av tidlegare innsendt informasjon.	Tatt til orientering
29.08 rev2. Ronny Larsen, Elly Myklebust	Informasjon om at tiltak er iverksett og anna informasjon.	Tatt til orientering
06.09 Trygve Gullaksen	Svar og informasjon på merknad av 29.08.	Tatt til orientering
19.09 Ronny Larsen, Elly Myklebust	Svar på merknad av 06.09 og informasjon	Landbrukskontoret må handsama søknaden ut frå opplysningar i søknaden og den bruken søkar opplyser at vegen skal nyttast til.

Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier
Naturmangfaldlova
Forvaltningslova
Kulturminnelova
Offentlegheitslova

Privatrettslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpa med.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2988

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg- gbnr 131/6 Fønnes - Austrheim kommune
Uttale Statsforvaltaren i Vestland
Kartskisse Landbruksvei Gr 131 brn 6 (1)
Lengdeprofil 1316
Merknader til mail fra T.Gullaksen datert 6.9.2021
Nabovarsel på landbruksvei 131/6 - Fønnes
Klage på landbruksvei - gbnr 131/6 Fønnes, Austrheim
Til Landbrukskontoret Alver 01.09.2021
Til Landbrukskontoret Alver 29.8.2021
Oppsummering av merkander til bygging av landbruksveg - gbnr 131/6 Fønnes i Austrheim
Svært viktig saksopplysning sak - gbnr 131/6 Fønnes på Austrheim
Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg- gbnr 131/6 Fønnes - Austrheim kommune
Oversending av relevant informasjon for saka - gbnr 131/6 Fønnes - Austrheim
Merknader til AK og Alver vedr nabovarsel landbruksvei, juni 2021
Søknad om bygging av landbruksvei br 131 6
Alver kommune - Veisak på gbnr 131-6 Austrheim

Mottakarar:

Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Elly Olaug Myklebust	Fønnes 82	5953	FONNES
Ronny Larsen			
Tore Myklebusthaug	Fønnes 32	5953	FONNES
Øystein Austrheim	Fønnes 70	5953	FONNES